

# FJELL KOMMUNE



Saksmappe 06/955

---

## Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Fjell kommune

Vedteke i kommunestyret i Fjell 21.06.07, sak nr. 50/07.

---

### 1. Hovudprinsipp:

Fjell kommune legg stor vekt på å driva ei heiderleg, ærleg og open verksemd. Folkevalde og tilsette har alle ansvar for å følgja dette prinsippet. Dei som er sett til å forvalta samfunnet sine felles midlar må ha høg etisk standard i all verksemd for kommunen.

Alle skal følgja lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen sin verksemd, og vera lojal mot kommunale vedtak.

Folkevalde og tilsette må vera medvitne om at dei legg grunnlaget for innbyggjarane sin tillit til kommunen, og må ta avstand frå og kjempa mot uetisk forvaltningspraksis.

### 2. Personlege føremoner, gåver, og liknande:

Alle skal unngå personlege føremoner som kan påverka eller vere egna til å påverka handlingar, saksførebuing og vedtak. Alle skal unngå handlingar som svekkar tilliten til Fjell kommune.

Gåver som ikkje er omfatta av førre avsnitt og som har ein verdi under kr 500,- kan ein likevel ta i mot.

Med gåver forstår ein ting, personlege rabattar, eller andre føremoner som har økonomisk verdi.

Dersom nokon får gåver eller andre føremoner som vert ramma av punkt 2, skal næraste overordna kontaktast.

### 3. Representasjon:

Representasjon og gjestfridom høyrer med i samarbeid med andre, men må ikkje praktiserast slik at avgjerdprosessen vert påverka, eller at det er grunn til å tru det.

Staten sitt reglement for representasjon skal i regelen følgjast.

#### **4. Reiseutgifter:**

Reiseutgifter i fagleg samanheng skal dekkast av kommunen. Unntak frå dette prinsippet kan berre skje etter særskilt vedtak.

#### **5. Lojalitet og interessekonfliktar:**

Folkevalde og tilsette skal unngå å komma i situasjonar som kan føra til konflikt mellom kommunen sine interesser og den einkilde sine personlege interesser. Dette gjeld også tilfelle som ikkje er omfatta av reglane om ugildskap i forvaltningslova.

Dersom personlege interesser kan påverka avgjersla i ei sak ein har fagleg ansvar for eller deltek i førebuinga av, skal ein ta dette opp med overordna. For folkevalde skal dette takast opp i det organet ein sit i ved handsaminga av saka.

Eksempel på moglege problemstillingar kan vere:

- Forretningsmessige høve til tidlegare arbeidsgjevar eller kollegaer.
- Lønna verv eller bistilling som kan påverka arbeidet for kommunen.
- Personlege økonomiske interesser som kan føra til at ein kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til kommunen si verksemd.
- Nære sosiale eller familiære kontaktar.

Lista er ikkje uttømmmande.

#### **6. Bruk av kommunalt utstyr:**

Bruk av kommunen sine maskiner, bilar og anna utstyr kan berre skje i samsvar med fastsette retningslinjer.

#### **7. Fortruleg informasjon:**

Opplysningar omfatta av teieplikt som ein får i samband med handsaming av saker i kommunen må ikkje verte gitt til dei som ikkje har krav på å få opplysningane ut frå forvaltningslova og offentlegheitslova.

Opplysningane må ikkje nyttast til personleg vinning av noko slag.

All informasjon som vert gitt i samband med arbeid og verksemd for kommunen skal vere sann og påliteleg. Ein skal ikkje med vilje gje informasjon som er tvitydig.

#### **8. Varsling:**

Den som vert kjend med brot på dei etiske retningslinjene bør varsle om det, jamfør arbeidsmiljølova §§2-4 og 2-5.

#### **9. Registrering av styreverv og økonomiske interesser:**

Folkevalde med styreverv, økonomiske interesser eller liknande bør registrera seg i Styrevervregisteret.